

## **Medisin som ikkje skulle gjevast, blei likevel gitt**

Ein pasient skulle faste til ei undersøking. Det stod i kurven (medisinlista) at pasienten skulle faste og tablettar han kunne ta som behovsmedisin var mellombels stoppa (seponert) i kurva. Trass i dette, fekk pasienten likevel tildelt behovsmedisinen, som han tok før undersøkinga.

Årsaksanalyse:

Helse Førde har nyleg innført elektronisk kurve. Dette inneber at legane skriv inn i den elektroniske kurva (medisinlista) kva medisinar pasientane skal ha. Når sjukepleiarane skal gje medisinar, må dei alltid lese i kurva kva legane har ordinert. Sjukepleiaren følgde retningslinjene, fann fram den medisinen som stod i kurva, kvitterte i datasystemet, og ga medisinen utan å få varsel om at dette var feil.

Ved nærare undersøking finn ein ut at medisinar som skal gjevast ved behov, er tilgjengelege i elektronisk kurve i minst åtte timar etter at legen har fjerna dei frå lista. Sjukepleiarane kan derfor finne medisinar i kurva, og kvittere ut for at desse blir gitt, utan at systemet kjem med varsel om at legen har avslutta behandlinga med denne medisinen.

### **Tiltak:**

- Forbetring av det nye dataprogrammet, slik at det kjem opp varsel når legen har avslutta behandlinga og medisinen blir forsøkt kvittert ut.

Pasienttryggingsutvalet (PTU) si vurdering:

PTU vurderer at innføring av elektronisk kurve er eit stort framsteg med tanke på pasienttryggleiken. Det er no den same lista som føl pasienten gjennom heile opphaldet, frå avdeling til avdeling. Det er ingen som manuelt skal føre over frå ei handskriven liste til ei annan, med fare for at noko fell ut eller at handskrifta blir tolka feil. At behovsmedisin ikkje forsvinn frå lista før etter minst åtte timar, er noko som må rettast opp. Medan ein ventar på at leverandøren av systemet rettar dette opp, må informasjon om denne feilen nå ut til brukarane av datasystemet.